

Arkivref: 2018/1494 - 10350/2018
Saksh.: Trygve Dahl



Saksnr Utval
 Formannskapet

Møtedato

HØYRINGSSVAR UTVIKLINGSPLAN HELSE FONNA HF

Framlegg til vedtak:

Stord formannskap vedtek høyringssvar til Utviklingsplan Helse Fonna HF slik det ligg føre.

Dokumentliste

S 30.04.2018

Høyringsvar Utviklingsplan Helse Fonna HF

Vedlegg

- 1 [Høyringsbrev Utviklingsplan](#)
- 2 [Utviklingsplan Helse Fonna HF](#)

Innleiing (bakgrunn for saka)

Helse Fonna har under arbeid «Utviklingsplan for Helse Fonna HF», ein plan som på overordna nivå peikar retning fram mot 2035, med planperiode på 4 år.

Alle helseføretak skal utarbeide slike planar med grunnlag i Nasjonal helse- og sjukehusplan, Meld.St.11 (2015 -2016) og andre overordna plandokument/føringar. Føremålet er å leggje til rette for god, framtidretta pasientbehandling og god bruk av ressursane for å skape pasienten si helseteneste. Det er nasjonalt og regionalt fastsett rammer for kva som skal inngå i utviklingsplanen.

Helse Fonna inngår i Helse Vest, og er omfattar 4 sjukehus, 4 distriktspsykiatriske sentra og 10 ambulansestasjonar som dekker 19 kommunar med om lag 180 000 innbyggjarar. Sjukehusa er lokalisert til Haugesund, Stord, Valen og Odda.

Planen er utarbeidd av ei prosjektgruppe med deltaking frå leiing og fagpersonar i Helse Fonna, representantar frå brukarar, kommunar, praksiskonsulentordninga (PKO), tillitsvalde og vernetenesta. Helse Fonna skal dekke befolkninga sitt behov for spesialisthelsetenester i samarbeid med fastlegar, kommunar, private aktørar og andre helseføretak i Helse Vest.

Saka vert handsama av formannskapet av di neste møte i RHO komiteen ikkje er før etter høyringsfristen.

Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)

Det er ikkje planlagt endring i sjukehusstrukturen i Helse Fonna i planperioden. Dei tre somatiske sjukehusa i Haugesund, på Stord og i Odda skal halde fram som akuttsjukehus og vidareutviklast. Innan psykisk helsevern skal ein styrke tilbod til barn og unge og vidareutvikle dei distriktspsykiatriske sentra, der også tilbod om rusbehandling skal inngå.

Planen inneheld føringar om å vidareutvikle den desentraliserte delen av spesialisthelsetenesta med meir vekt på ambulante og polikliniske tenester. Planen er tydeleg på at dette føreset ei samhandling med kommunane si helse- og omsorgsteneste, for å kunne gje eit samla godt og lokalt basert tilbod. Helse Fonna vil leggje vekt på å nytte samla kapasitet og kompetanse best mogleg, samstundes med at flest mogleg pasientar med vanlege sjukdomar, kroniske tilstander, psykiske helseproblem og rusvanskar får tilbod lokalt.

Planen omhandlar vidare mellom anna:

- Akuttmedisinske tenester med god kvalitet på dei tre somatiske sjukehusa.
- Tiltak for å redusere «pasientlekasjer» til andre helseføretak.
- Vidareutvikle IT løysningar som styrkar samarbeid og bidreg til gode pasientforløp og høg kvalitet på utgreiing og behandling. Mest mogleg behandling skal skje lokalt, men sentralisere når det er naudsynt. Ein skal ha system som ivaretek samhandling med kommunane.
- Kirurgiske tenester som vert bygd opp i tråd med nasjonale og regionale føringar.
- Ein legg til grunn at hovedtyngda av habilitering og rehabilitering skal skje i nærmiljøet eller heime hos pasienten. Spesialisthelsetenesta skal bidra med spesialisert kompetanse og vegleiing.
- Personar med utfordringar innan rus og psykisk helse, skal få tilbod i spesialisthelsetenesta nærast mogleg der dei bur. Ein skal vidareutvikle desentraliserte ambulante tenester og styrka samhandling med kommunane, skule og arbeidsliv. Ein skal styrke kompetanse på tvers av

fagområda (somatikk, psykisk helse og rus) og auke fokus på heilskapleg tilnærming (sjå heile pasienten) og tidleg intervensjon.

- Styrke brukarmedverknad og vidareutvikle bruk av brukarevalueringar.
- Vidare styrking av poliklinikk og behandling av pasienten med minst mogleg bruk av seng.
- Auka fokus på kvalitet, pasienttryggleik, gode pasientforløp og samhandling.
- Følgje opp samarbeidsavtalar med kommunane, og etablere faglege nettverk som skal sikre gode pasientforløp på tvers av nivå.
- Leiing med pasientfokus og som skal stimulere til samarbeid internt og med kommunehelsetenesta.

Forslag til uttale:

Det er positivt at Helse Fonna utarbeidar ein framtidsretta utviklingsplan. Stord kommune merkjer seg at det ikkje er planlagt endringar i sjukehusstrukturen, at lokalsjukehusa skal halda fram som akuttsjukehus og at legekompentansen i akuttmottak er styrka. Vidare ser kommunen positivt på at tilbod vert dreia frå innlegging i sjukehus til poliklinisk behandling, der dette er fagleg forsvarleg. Det er bra at helseføretaket vil arbeida vidare med å styrka tilbodet til barn og unge innan psykisk helsevern.

Stord kommune ser i planen at det vert lagt vekt på god samhandling med kommunane, utan at dette er konkretisert i særleg grad. Korleis samarbeidet skal utviklast framover bør vera meir konkret. Samhandling må byggja vidare på dei eksisterande avtalane.

Utan at dette er nemnt reknar kommunen med at planen og omfattar dei utan samtykkekompetanse, slik som mange personar med utviklingshemming og personar med demens. Desse er utsette og veksande grupper som gjerne kunne fått meir fokus i utviklingsplanen.

Overbehandling og –diagnostisering er tendensar som går gjennom heile helse- og omsorgstenesta. Dette omgrepet er ikkje nemnt i planen, men vil få auka fokus i åra som kjem. Personar som manglar samtykkjekompetanse eller kjem i situasjonar der dei ikkje kan gje uttrykk for eigne ønske, må vera trygge for at kompetent helsepersonell tek gode avgjerder. Stord kommune ønskjer ei drøfting av etikk og over-/underbehandling i utviklingsplanen og tiltak for å møte vanskelege saker i fellesskap.

I høve personar med psykisk lidning, rusvanskar eller kombinasjon av desse hadde kommunen gjerne sett vurderingar av korleis me saman kan utvikle tenestene for å gje desse høve til å greie kvardagen, sjukdomsførebyggjande tiltak og naudsynt behandling ved sjukdom. Mykje av tenestene til desse vert gitt i kommunane, men det er viktig å sikra likeverdige helsetenester og innan dette feltet.

Ei vellukka drift i helseføretaket er avhengig av at alle tenestene i kommunane fungerer. Stord kommune les planen slik at omgrepet *kommunale tenester* også omfattar fastlegane sjølv om desse er nemnde særskilt i nokre samanhengar. Fastlegane er sentrale i samhandlinga og at dei fungerer godt er grunnleggjande for at samhandlinga med sjukehusa skal fungera. Ordninga med praksiskonsulentar (PKO) er nemnt, men lite om bruken og utviklinga av denne i framtida. Rekruttering av fastlegar vil verta ei utfordring framover. Det er viktig å leggja til rette for at dei som etablerer seg, kan oppnå spesialitet i allmennmedisin. Planen bør innehalda tilrettelegging og samarbeid for å stetta kravet til sjukehussteneste i denne utdanninga.

Samfunnsberedskap og katastrofehandling er viktige område for kommunane. Epidemihandsaming og resistensproblematikk kan gje trong for omstilling og endra bruk av rom og ressursar for handsaming av folk som treng behandling i sengeavdelingar. Omstillingsplanar for bruk av sengekapasitet i kommunane må vera samordna med planane for helseføretaket. Legemiddeltilgang og organisering av dette ved avgrensa tilgang er eit anna omsyn. Det bør i planen takast med korleis ein kan koma vidare i utvikling av helse og omsorgsberedskapen og føretaket sin funksjon i dette i eit samfunnsberedskapsperspektiv.

Miljømessig konsekvens

Ikkje relevant

Folkehelse

Ikkje vurdert

Universell utforming

ikkje relevant

Beredskap

Det er viktig med eit godt samarbeid mellom sjukhus og kommune når det gjeld beredskapsarbeid.

Konklusjon, alternativ tilråding

Rådmannen rår til at formannskapet vedtek høyringssvar til Utviklingsplan Helse Fonna HF slik det ligg føre i saka.

Saksprotokoll i Formannskapet - 09.05.2018

Vedtak

Stord formannskap vedtek høyringsvar til Utviklingsplan Helse Fonna HF slik det ligg føre.

Handsaming

Samrøystes vedteke

Rett utskrift:

møtesekretær